


ORIENTÉR DEG I NATUREN


Lag ditt eige kompass



Det finst fleire måtar å orientere seg på ute i skog og mark når du har gløymt att kompasset heime.

MAURTUVE

Mauren lagar vanlegvis tuvane sine på sørsida av eit tre eller skråning. Dette gjer den for at sola skal varme opp tua. Kan du sjå eit eksempel på dette i nærleiken?



KLOKKE

Har du ei klokke med visarar, kan du la vetlevisaren peike på sola, viss den er framme. Sør ligg då midt mellom vetlevisaren og 12-talet.

STOPPENÅL

Det går an å lage eit kompass av ei vanleg stoppenål. Metall kan magnetiserast ved å gni det mot nylonklede, ullklede eller hår. Når nåla får henge heilt upåverka av vind og metall, vil den orientere seg i nord/sør retning. Prøv sjølv:

1. Knyt ein sytråd midt på ei vanleg stoppenål slik at den heng i balanse.
2. Gni stoppenåla mot nylonklede, ullklede eller håret.
3. La nåla henge fritt nede i ein kopp av glas eller plast.
4. Sjå på korleis den orienterer seg.

Slik er himmelretningane her på Valeberg:

